# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - februar 2019 51. årg.





Visitas side 4



Ungdomstreffet på Fotland side 8



Staben - organistane side 12



Misjonsprosjekt side 14

## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
Inngang frå Saronsbrotet
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19
Diakon: Jofrid Aarsland Mikalsen tlf. 48 89 72 32
Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 51 77 03 77
Assisterande kyrkjeverje: Siri Vik tlf. 906 43 758
Kyrkjeverje: Gunnar Bjorland Stone tlf. 962 32 582

**Time**
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048
Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545
Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Klokkar: Olav Njølstad Egeland
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

**Bryne**
Heimeside http://www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Trusopplærar Kristine Åsbø (permisjon) tlf. 950 20 920
Vikar Mari Ask Helland
Barne- og ungd.arbeidar Marion Lende
(permisjon) tlf. 904 16 888
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Sekretær: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Dagleg leiar Bryne: Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481
Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Karin Sofie E. Olsen tlf.467 98 464

**Lye forsamlingshus**
Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Leiar fors.styret: Liv Heidrun Heskestad tlf. 905 69 189

**Undheim**
Heimeside http://www.undheimkyrkja.no
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 926 55 645
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
Dagleg leiar: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no


# Til ettertanke

## Openberringstid


Gunnar Frøyland

Tida mellom jul og faste kallar me i kyrkja for openberringstida. Bibeltekstane vil fortelja kven Jesus er. Eg fekk ei openberring, seier me, når me forstår noko slik at det blir sant og verkeleg for oss. Me menneske er ulike. Nokon av oss forstår gjennom ord. Andre forstår gjennom teikn og opplevingar. Nokre treng å sjå. Nokre treng å kjenna.

Johannes døyparen høyrde Gud tala til seg. Han såg Anden som ei due koma og bli verande over Jesus. Han vitna og sa: Jesus er Guds lam, som ber bort synda i verda. Jesus er Guds son.

Nokre nordmenn av i dag blei spurde om kva dei tenkte om at Jesus blei kalla Guds lam. Alle tenkte på lammet som søtt og lite.

Dei som høyrde på døyparen fekk nok andre tankar. I deira verd var det Det gamle testamentet som gav orda innhald.

Kanskje tenkte dei på Abraham som sa til Isak: «Gud vil sjølv sjå seg ut eit brennofferlam.» Eller dei tenkte på lamma som kvar dag blei ofra i tempelet. Nokre tenkte på syndebukken som på den store soningsdagen bar folket si synd bort og ut i øydemarka. Nokre tenkte på Herren sin lidande tenar i Jesajaboka: «Han vart mishandla og plaga, og han opna ikkje munnen, lik eit lam som blir ført til slakting.»

Tenk å ha ein som kunne rydda opp i rotet etter meg. Eg tenkjer ikkje på kleda eg slenger frå meg eller avisene som ligg og flyt. Eg tenkjer på orda som krenka og kua, på blikka som mislika og forakta, på forsømmingar som fortalde at eg ikkje brydde meg. Eg tenkjer på det som er mi skuld og som stengjer meg ute frå Gud. Jesus ber bort synda i verda. Han ryddar opp i det me sjølve ikkje kan ordna opp i. «Ved han ville Gud forsona alt med seg, det som er i himmelen, og det som er på jorda, då han skapte fred ved hans blod på krossen» , les me i brevet til kolossarane.

Korleis kunne Jesus gjera det? «Han er Guds son», sa døyparen Johannes. «Etter meg kjem det ein mann som har kome før meg, for han var til før meg.» Døyparen Johannes vitnar om at Jesus, menneske og vår bror, på same tid er Guds son frå æve. Derfor kan han gjera det ikkje noko menneske kan. Han kan bera bort vår synd.

«Det som var umogleg for lova, sidan ho stod maktlaus fordi vi er av kjøt og blod, det gjorde Gud. Han sende sin eigen Son som syndoffer, i same slag kjøt og blod som syndige menneske har, og heldt dom over synda i oss.» Romarbrevet 8,3.

Jesus er Guds lam som ber bort synda i verda. Jesus er Guds son , den sterke som gjorde det ikkje noko menneske kunne gjera.

I kyrkja si bøn i fastetida ber vi:

*Vi takkar deg, Herre Jesus Kristus, fordi du har bore våre synder på din heilage lekam og med ditt blod sletta ut alle våre misgjerningar.*

*Gud, gjev oss din nåde, så vi fullt og fast kan tru at alle våre synder er tilgjevne for Jesu Kristi lidings og døds skuld.*

**Framside: Julerose - Foto: BH**


**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad og Bjørn Håland.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@gmail.com innan 7. mars 2019.
Neste nr. kjem ut ca. 4. april 2019.

# Min salme

«Denne songen handlar om Guds grenselause nåde, som er tilgjengeleg for alle, og som eg så inderleg treng.»



Bjarne Tron Egeland

## Det støe som står når alt i verda vaklar

Det enda som bär när allting annat vacklar

*Det støe som står når alt i verda vaklar,*
*det er Guds nåde og hans miskunn stor.*
*All ære og glans på jord det berre raknar*
*når eg til sist syng med i himmelkor.*

*Refreng:*
*Det trygge som held er nåden utan grenser,*
*at Kristi blod frå synd og skyldnad reinsar.*
*Det sikre eg har å stola på til sist,*
*det er Guds nåde i Jesus Krist.*

*Det støe som står igjennom strie stormar,*
*er Kristi kross og blodets faste grunn.*
*All bygnad av strå og etter verdas normer*
*han varer berre kort, ei flyktig stund.*

*Alt det som eg har framfor den kvite trona,*
*det er mi frelste sjel. Halleluja!*
*Og dette er nok, for all mi synd er sona*
*ved Jesu død for meg på Golgata*

Tekst: Lydia Lithel
Omsett til nynorsk av Bjarne Tron Egeland

Den svenske songforfattaren, komponisten og organisten Lydia Lithell, som døydde i 1957 berre 48 år gammal, har skrive over 300 åndelege songar. Dei fleste har ho òg komponert melodi til. To av songane hennar står i den nye salmeboka. Den eine, som eg har vorte meir og meir glad i, er «Det enda som bär när allting annat vacklar». Denne songen handlar om Guds grenselause nåde, som er tilgjengeleg for alle, og som eg så inderleg treng. Songen er vakker på svensk, men for meg kjem han endå nærare og vert meir personleg når eg får han på mitt eige mål. Difor har eg omsett han til nynorsk og vonar eg ikkje har øydelagt noko av innhaldet. Lydia Lithell har også skrive den vakre melodien, som etter mitt syn strekar under bodskapen i teksten på ein særdeles god måte.

Elles tykkjer eg det er leitt at engelsk meir og meir overtek - fortrengjer norsk og gjer at mykje vert så upersonleg - i samfunnet vårt. Kan henda er det ein og annan der ute som kjenner det på same måten.


## Miljø, møteplass og misjon

**NMS Gjenbruk Bryne**
Parken senter Inngang ved hjørnet Saronsbråtet og Meierigata

Vi tar imot og sel:
Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Vi tar også imot stumpar av stearinlys
Telefon 400 37 151
Opningstider:
måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00

**FRETEX butikk Bryne**
Parken senter Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

Vi tar imot og sel:
Klede, kjøkkenutstyr, måleri, bøker, møblar, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Telefon 922 09 638
Opningstider: måndag stengt.
tysdag-fredag 10.00-16.00 laurdag 11.00-15.00

# Visitas med vidsyn trass i novembermørke, vind og regn









Visitera tyder å sjå nøye på. Konstituert biskop Anne Lise Ådnøy, fekk verkeleg møta og sjå nøye på - både Timebuen og kyrkja sitt arbeid - i løpet av veka visitasen varte. Programmet var stramt og innhaldsrikt - mange møte med lek og lærd i bygd og by.

Trim på stabsmøtet på kyrkjekontoret tysdag morgon meiner biskopen er eksempel til etterfølging. Biskopen vart oppmuntra av rause medarbeidarar og godt samarbeid kyrkjelydane imellom. Kyrkja si satsing på Trusopplæring, var etter biskopen sitt hjarte - "det beste de kan investera i." Prosjektet "Ung i Time" gledde òg biskopen. "Leit etter det som er best for Time", var oppmodinga ho kom med.

Onsdag starta med tur på Knudaheio. Her viste det jærske veret seg frå ei side som me som bur her er velkjende med - det bles stikker og strå. Her måtte dei verkeleg halda på alt som sat laust! Biskopen og andre måtte setja sjøbein for ikkje å blåsa bort. Alle fekk lufta tanke og løfta blikk! Dei frammøtte vitja Arne Garborg si diktarstove og fekk ei fin og spesiell samling der.

Familiekonserten der 4 barnekor - Jungelkoret, Korbra, Supermix og Lye barnegospel - song saman med Bjarte Leithaug, var det mange som fekk med seg. Barna si smittande songglede tok me med oss heim.

Jæren Symfoniorkester var med å løfta kulturkvelden. Organist Per Olav Egeland hjelpte dei med det. Ungdomskoret Lucas møtte oss på sin måte - med lovsong og

➔

# I Helgedagen for 50 år sidan

## Ny fast spalte i Helgedagen

I kvart nummer av Helgedagen framover vil me sjå oss tilbake og finna saker som stod på trykk i bladet for akkurat 50 år sidan. Historie er spanande, også når ein kan mimra over "dei nære ting». Derfor håpar me denne spalta kan gleda både gamal og ung. Det gode «ansiktet» Helgedagen fekk alt i første nummer 1969, har Herborg Nordsletten Kverneland levert.

redaksjonen



Helgedagen

Kyrkjelydsblad for Time

| Nr. 1 | JANUAR 1969 | 1. årg. |
|---|---|---|

Helgedagen

Kyrkjelydsblad for Time.

Bladstyrar: Sokneprest Bjelland.
Kasserar: Lærar Johs. Bårtvedt.
Postgiro 54 558.

**Time sokneprestkontor**
Rådhuset.
Kontortid kvar tysdag og laurdag
kl. 9,00—10,30.
Telefon 81 080.

Kallskap. Gudvangen har telf.nr. 82 111 og bur på Kringsjå i Auglendsfeltet.

*Hjarteleg takk*

til alle som tok seg på å bera kyrkjelydsbladet kring i alle heimar før jul. Me møtte einestående tenestevilje og hjelpsemd. Og utan det hadde me stått fast. Hjarteleg takk. Takk til alle heimar som tok so vel mot bladet og til dykk som alt har gjeve pengar til det. Om de som vil stø dette bladtiltaket vil hugsa det med ei gåva ein gong i året, skal me nok berga oss igjennom.

Skulle det vera nokon som ikkje får bladet no i starten, lyt de vera gild å seie frå om det.

tilbeding. Andre som song, dansa, spelte og las dikt var med og skapte spennvidde i kyrkjekulturen.

I møte med kommunen kjende biskopen seg varmt mot-teken. Time kommune ser på kyrkja som ein viktig aktør for å skapa gode møteplassar. Takk vart retta til kommunen som held kyrkjebygga i god stand.

Biskopen vart varm om hjartet i møte med Bryne skule si skulegudsteneste "Lys i mørke". Gjennom drama og song viste elevane si glede.

Biskopen møtte óg mange av dei over 800 frivillige i dei tre kyrkjelydane. Frivillige er ei gåve som må forvaltast klokt, sa biskopen.

Mange er med og bidreg i gudstenestene i Time, Lye, Bryne og Undheim. Det gjev eit rikt og variert gudstenesteliv. "Gudstenesta skal vera ein stad der me kan vera med heile oss, og kyrkja skal vera ein stad for liv, nåde, kjærleik, fellesskap og håp" sa biskopen.

Visitasen vart avslutta med fest i Guds hus første søndag i advent.

Heile kyrkjelyden - både tilsette og frivillige - var i aktivitet. Ballettdans til Guds ære var med og skapte ei fin stemning. Sigrid Salte og barn frå "Etter skuletid" song og dansa "Advent er lilla, advent forteller at julen er nær. Sorg blir til glede når Jesus er her".

Festen i Guds hus, der alle i dei tre kyrkjelydane var saman, vart ei fin avslutning av visitasen.

Biskopen spør i visitasføredraget : "Kor i Bryne, Time, Undheim kan Kristus finnast?"

Det blir eit spørsmål både tilsette og vanlege kyrkjegjengarar i Time må ta med seg inn i eit nytt arbeidsår. Mitt håp er at kvar enkelt av oss vert ein del av svaret.

Tekst: RJH

Foto: Vegard Hansen, Bjørn Inge Hauge og RJH

# Nattverden

**Den vesle katekisma seier om nattverden:**

**Kva er nattverden?**
Nattverden er vår Herre Jesu Kristi sanne lekam og blod i og med brødet og vinen. Kristus sjølv har innsett nattverden for oss kristne å eta og drikka.

**Kva seier Guds ord om dette?**
Vår herre Jesus Kristus, den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikka alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Så ofte som det drikka av han, så gjer det til minne om meg.

**Kva får vi i nattverden?**
Det syner desse orda oss: «Gjeven for dykk» og «utrent for dykk så syndene blir tilgjevne». Med desse orda gjev Gud oss i sakramentet tilgjeving, liv og sæle. For der det er tilgjeving for syndene, der er det òg liv og sæle.

**Korleis kan så store ting skje ved at vi et og drikk?**
Det skjer ikkje ved at vi et og drikk, men ved ordet som seier: «Gjeven for dykk» og «utrent for dykk så syndene blir tilgjevne». Desse orda er i hovudsak i sakramentet, saman med det at vi et og drikk. Den som trur desse orda, han har det dei seier: tilgjeving for syndene.

**Kven er verdig til å ta imot nattverden?**
Å fasta og førebu seg i det ytre kan vera ein god skikk. Men verdig og vel førebudd er den som trur desse orda: «Gjeven for dykk» og «utrent for dykk så syndene blir tilgjevne». Den som ikkje lit på desse orda, men tvilar på dei, han er uverdig og ubudd. Orda «for dykk» krev eit hjarte som trur.

(Norsk salmebok 2013, s.1286)

Siste delen av Den vesle katekisma handlar om nattverden.

Du kneler ved altarringen og strekk ut handa. Ein brødbit blir lagt i henne og du høyrer orda: Kristi kropp gjeven for deg, eller: Dette er Kristi kropp (lekam). Ein skvett vin blir skjenka i begeret. Du høyrer orda: Kristi blod utrent for deg, eller: Dette er Kristi blod.

Du ser brød og vin. Du smakar brød og vin. Korleis kan dette vera Jesu sanne lekam og blod? Korleis kan nattverden gjeva oss del i Jesus i og med brødet og vinen? Dei som såg Jesus andlet til andlet hadde same utfordringa. Dei såg ein mann, lik alle andre menn. Korleis kunne han vera Guds Son, vera lik med Gud? Korleis kunne han seia: Den som ser meg ser Faderen?

Jesu verkelege nærvær i og med brødet og vinen har alltid vore ei utfordring for tanken. Realpresensen, som det blir kalla på fagspråket, har alltid vore oppe til diskusjon i kyrkja.

Om Jesus verkeleg er der i nattverden, eller ikkje, har mykje å seia. Om han er der, er det han som gjev oss del i frelsa han vann for oss på krossen. Han gjev oss tilgjeving. Han gjev oss del i oppstode og evig liv med seg. Om Jesus ikkje verkeleg er der, blir nattverden fort berre ei synleg handling som vitnar om vår tru på han.

Det er inga tvil om at katekisma legg vekta på Jesu verkelege nærvær. «Med desse orda gjev Gud oss i sakramentet tilgjeving». Det skjer ved ordet (Jesu ord i innstiftinga) som seier, «Gjeven for dykk» og «utrent for dykk». Men vår tru på ordet, og med det, vår vedkjenning til Jesus, er ikkje borte. For katekisma seier: Vel førebudd er den som trur desse orda: «Gjeven for dykk» og «utrent for dykk». «For kvar gong de et av dette brødet og drikk av begeret, forkynner de Herrens død, heilt til han kjem», skriv Paulus. Når me tar imot nattverden forkynner me at Jesus døydde for oss og at det gjeld for meg som tar imot. Som me blir eitt med brødet me et og vinen me drikk, og vinen og brødet blir eitt med oss, slik blir me i nattverden eitt med Jesus i hans død og eitt med han i hans oppstode.

Mysterium blir nattverden kalla. Før utdelinga stemmer me i: Mysteriet i trua er stort.

Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

Mysteriet kan me berre ta imot om Den heilage ande openberrar det for oss. Derfor bed me før nattverden: «Vi takkar deg, all miskunns kjelde. Du sende Son din. Han vart krossfest og stod opp frå dei døde. Han opna skriftene




Foto: BH

og openberra seg for venene sine då han braut brødet og gav dei. No bed vi deg: Lat din Ande koma over oss og dine gåver, så auga våre blir opna, og vi kjenner han att som vår krossfeste og oppstadne Frelsar.»

Kristus sjølv har innsett nattverden. Guds ord om dette i katekisma og i gudstenesta vår, er i hovudsak henta frå 1.Korintarbrev 11. Ord og utrykk frå Matteus, Markus og Lukas er henta inn. Det er tydeleg at tradisjon og praksis ikkje var lik over alt i den tidlege kyrkja. Men frå første stund var nattverden ein sjølvsagt del av dei kristne si gudstenestefeiring. (Apgj. 2,42). Einskapen mellom dei sprang ut frå einskapen med Kristus. Eitt i Kristus, er dei eitt med kvarandre. Eitt i Kristus er me eitt med kvarandre, me som ser stykkevis og delt og slett ikkje er einige. Eitt i trua at Jesu kropp vart gjeven for oss og blodet hans utrent for oss.

Gunnar Frøyland

## Salmevers å tenka på:

**v.2 Hellig stund! I denne handling**
**mottar vi vårt livs forvandling.**
**Det som skjer, er skjult i tiden,**
**men skal åpenbares siden.**
**Til vårt støv, her i det lave,**
**kommer du med Livets gave,**
**ved ditt bord, som alles tjener**
**du deg selv med oss forener.**

**T 1649 Johann Franck, 1965 Svein Ellingsen**
**M 1653 Johann Crüger**
**Norsk salmebok 2013 nr. 604**

**T © Norsk Musikforlag A/S**






# Ungdomstreffet på Fotland




*Styret for Ungdomstreffet på Fotland: Frå venstre vaksenkontakt Morten Dyngeland, Randi Grødem, Grete F. Grødem, Ingeborg Dyngeland, Guri Helliesen, Magnus Nedrebø, Gabriel Lende og Johannes Time Bø*

## Ivrige ungdommar på Fotland

- *Ungdomsgruppa på Fotland bedehus*
- *8.kl. og oppover, flest frå vidaregåande*
- *Møtest på bedehuset annankvar laurdag*
- *Eige styre av ungdommar som legg planar og driv møta*
- *Gruppa har halde på i ca eit halvt år*

Dei får det til på Fotland! Då ungdomsarbeidet heldt på å stansa opp på Fotland, viste dei unge initiativ og tok ansvar. Nå har dei ungdomssamlingar på bedehuset annankvar laurdag. Då kan dei vera frå 15 til om lag 40 som møtest.
Ungdommane kjem frå store deler av Time-bygda, men flest frå gamle Vestly krins og Hognestad-krinsen. Sidan mange av dei går på Tryggheim vidaregåande skule, får dei også mange med seg derifrå. Dei ordnar til og med henting på Bryne stasjon, sidan busstilbodet til Fotland ikkje løyser reiseproblemet!

Dei får hjelp med talarar frå Tryggheim og andre stader. Men dersom dei manglar talar, ordnar dei det òg sjølve. Nokon i styret stiller då som talar - og det går bra, seier dei!

På laurdagssamlingane har dei også lovsong, gratis kveldsmat og kiosk. Sosiale aktivitetar blir det òg tid til. Helgedagen fekk vera med på eit styremøte heime hos







Foto: Randi Grødem

➔

## Ingen invitasjon til dåp?

### Velkomen til dåp i kyrkja!

Grunna ei endring i kyrkja sin tilgang til folkeregisteret, kan me ikkje automatisk finne ut kven av våre medlemar som har fått barn lenger. Difor kan me heller ikkje sende ut brev med dåpsinvitasjon til dei nyfødde i kyrkjelyden slik me har gjort tidlegare.

Men dåpen står fast som tradisjon heilt frå Jesu tid. Alle - både barn, ungdom og vaksne - har ein open invitasjon til å la seg døype og bli del av det kristne fellesskapet både i sin lokale kyrkjelyd og i den verdsvide kyrkja.

Bli med og gjer det kjent, og velkomen til dåp!



Meir informasjon og bestilling av dåp finn du på www.time-kyrkja.no

Du kan også kontakte oss på telefon 51 77 03 77.



## VÅRFEST for alle +/- 60

Lye forsamlingshus sundag 17.mars kl.15.00

- Kåseri og andakt ved Åsmund Steinnes
- Song og musikk
- Kulturskuleelevar deltek
- Allsong, god mat og drøs

VELKOMEN!

*Arr: Time diakoniutval*

leiaren, Magnus Nedrebø. I tillegg til den flotte gjengen i styret, var vaksenkontakten, Morten Dyngeland, med. Styret har delt ansvaret godt: Randi steller med økonomien, Johannes har ansvar for lovsongen, Gabriel er møteansvarleg, Guri og Grete ordnar med maten, Ingeborg hjelper alle og Amalie (ikkje med på dette møtet) syter for underhaldninga.

Sidan det er tre i styret som er russ dette året, kjenner dei på at rekrutteringa må sikrast. Dei har tru på at det lagar seg vidare

Denne kvelden prøver dei å finna stad for week-end i mai/juni. I fjor var dei så mange som 48 som hadde ei fin helg saman på Fjelltun.

Så flott å få treffa desse fine ungdommane! Me ønskjer dei lukke og signing i det viktige arbeidet dei driv!

ps Du finn dei på facebook https://www.facebook.com/ungdomstreffetfotland/

LHH

# Trusopplæring i kyrkjelydane i Time

STØRST AV ALT



DEN NORSKE KYRKJA

## Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:
- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.
Me deler kristne tradisjonar og verdiar.
Me deler opplevingar og fellesskap.
Me deler håp og kjærleik.

## Trusopplæring i kyrkjelydane våre

### Babysong på Undheim

Som ein del av tilbodet til den opne barnehagen, har me babysong v/Ragnhild Hanssen for barn fødde i 2018 og 2019 Me møtest annankvar onsdag kl 10.30-11.00 (oddetalsveker). Barnehagen har ope mellom 10-12 kvar onsdag (følgjer skuleruta). Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og babyen med song, rørsle og sosialt samvære. **Datoar våren 2019: 13. mars, 27. mars, 10. april, 24. april, 8. mai, 22. mai**



### Småsong på Lye

Velkommen til Lykkeliten opne barnehage annankvar onsdag mellom kl 09.30 og 12.30 (partalsveker). Songstund «småsong» kl 10.30-11.00 v/Ragnhild Hanssen. Datoar våren 2019: **20. februar, 6. mars, 20. mars, 3. april, 17. april, 15. mai**

### Dåpsskule for 1. klasse

Gjennom dåpsskulen ynskjer me at «Barna skal få møte med trua gjennom undring og oppleving, leik og læring. Dette skal dei gjera ved å:
- få kjennskap til at dei er døypte og høyrer Jesus til.
- læra om korleis Jesus møtte menneske.
- læra om påskehendingane, frå palmesundag til 1. påskedag. Dei skal læra om kva påska betyr for oss i dag.
- læra meir om tilgjeving, både Guds tilgjeving av oss menneske, men òg korleis me menneske kan tilgje kvarandre.
- erfara bøn, og læra ulike måtar å be på.
- bli betre kjende med kyrkja og kyrkjerommet.»

Frå *Trusopplæringsplanen for Bryne, Time og Undheim*

Datoar:
**Undheim**: Datoar for samlingar kjem i invitasjonen. Dåpsskulehelg 30.-21. mars med avslutning på gudstenesta 31. mars kl 10.30 i Undheim kyrkje.




**Hognestad**: Datoar for samlingar kjem i invitasjonen. Dåpsskulehelg saman med Lye 6.-7. april, og avslutning på gudstenesta 7. april kl 11.00 i Time kyrkje.

**Lye**: : Datoar for samlingar kjem i invitasjonen. Dåpsskulehelg saman med Hognestad 6.-7. april, og avslutning på gudstenesta 7. april kl 11.00 i Time kyrkje.
**Bryne**: Datoane for Bryne vert sende ut i invitasjonen.

Raghild Hanssen

# KVINNENES INTERNASJONALE BØNEDAG

**1.mars 2019**

**«Kom, for nå er alt ferdig»**

**Lagt til rette av Bønedagskomitéen i Slovenia**

Kvinnenes internasjonale bønedag (World Day of Prayer) har komitéar i meir enn 170 land og regionar. I Norge starta bønedagstradisjonen i slutten av 1920-åra. På stader der det er fleire kyrkjesamfunn eksisterer ikkje desse grensene denne dagen. Kvinnene samlast ein plass for å vera ei lekkje i bøneringen. Sjå på symbolet:

- kvinner frå dei 4 verdshjørna på kne formar eit kors, og så vert bønesirkelen til.

*«Takk at din kirke aldri sover!*

*Mens jorden ruller uten stans, ditt folk i vekselsang deg lover --*

*Se over land og hav og øyer en dag går fram i ubrutt ring,*

*og folkene på rad seg bøyer i takk for alltid nye ting.»*

(NoS nr. 820)

Feiringa av Bønedagen vart starta av kvinner i USA i 1887. Bakgrunnen var nauda dei såg blant immigrantar og etterkomarar av slavar, og etterkvart vart idéen spreidd til inn- og utland. Seinare vart det vedteke å nytta den første fredagen i mars til bøn.



*Programmet for 2019 er skrive av kvinner i Slovenia, eitt av dei minste landa i Europa.*

Prosjekta me støttar denne dagen har ein klar kvinneprofil og er ofte knytte til opplæring og andre føretak som kan gi kvinner betre kår. På den internasjonale internettsida for bønedagen: www.worlddayofprayer.net finn de programmet.

I Time er det i år samling på Fotland bedehus kl. 14.00 og i Frelsesarméen på Bryne kl. 19.00. Elles er det sjølsagt fint om to eller tre sluttar seg til bøneringen i eiga stove. Det er like god grunn for å samlast til bøn i dag som det var i vanskelege tider i USA i 1987. Velkomen til å vera med!

(Sjå annonse s. 17)

emb

Kvinnenes internasjonale bønnedag er et imponerende økumenisk initiativ. Den feires hvert år i over 170 land. Den representerer et viktig bidrag for å bygge fellesskap og relasjoner mellom kulturer og ulike kristne tradisjoner. I tillegg legger den et viktig grunnlag for samhandling om en lang rekke diakonale utfordringer.

Erhard Hermansen

generalsekretær, Norges Kristne Råd

# På stabsbesøk - organistane



*Organist i Bryne: Per Olav Egeland*

Kva hadde vel gudstenestene vore utan musikk? Utenkjeleg! Helgedagen har fått møta dei tre faste organistane i Bryne, Time og Undheim: Per Olav Egeland, Oddny Underhaug og Kari Kaald Reiten. Ikkje lett å samla alle tre på ein gong, for mellom anna gravferder gjer at det er vanskeleg å laga ein nøyaktig vekeplan.

Oddny og Per Olav har kontorplassen sin på kyrkjekontoret, og igjen vert det gode arbeidsmiljøet der trekt fram. Trivselen er stor!

**Per Olav Egeland** (54), kantor i Bryne-kyrkja, tilsett frå 2004 i 100% stilling (80% organist og 20% trusopplærar).

Han er oppvaksen på Sandnes, men er faktisk fødd i Etiopia - då faren var lege ved eit sjukehus der. Etter musikklinja på Sandnes vart det etterkvart kyrkjemusikk i 4 år ved musikk-konservatoriet i Bergen. Per Olav bur nå med kone og tre born på Bryne.

I trusopplærardelen av arbeidet er han med på dei ymse fase-tiltaka for dei ulike årstrinna, som til dømes dåpsskule, pinsefart og Lys vaken. Bryne-kyrkja har òg ansvaret for eit barnekor, Jungelkoret, frå 4 år og oppover.

Per Olav seier at hjarta hans ligg i den klassiske musikken, men han synest likevel det er fint å prøva seg sjøl på andre typar musikk. Han har godt samarbeid med lovsongsteamet i Bryne-kyrkja, og tykkjer det blir laga gode musikalske arrangement der.

